



Land og bruk

Nummer 3 - 2015

September 2015

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Nono Dimby, telefon 51 56 89 78, e-post: fmroara@fylkesmannen.no

Arrangementskalender hausten 2015

Dato	Tema	Målgruppe	Sted	Ansvarleg
20.-21. okt	Kurs i prosjektleiing	Landbruksforvaltn. m.fl	Statens Hus	Geir Skadberg
02.-03. nov	Nasjonal konferanse: «Inn på Tunet»	Bønder, forvaltning og landbruksnæringa oa..	Clarion Hotel Energy	FM Rogaland m.fl.. v/ Bjørn Berg
09. nov	Kurs registrering spreieareal i temakartportalen	Landbruksforvaltning	Statens Hus	Tonje F. Aase
12. nov	Fagsamling skog	Skogforvaltning ...	Hotell Alstor	Stein Bomo
17. nov	Dialogmøte landbruk	Landbruksforvaltning	Statens Hus	FM Rogaland
November	Bruk av statistikk	Landbruksforvaltning	Stavanger	Aart Magnussen

Nyttig informasjon

Bygdeutvikling i Dalane

Bygdeutviklaren i Dalane, **Kenneth Bakkehaug** – har sagt opp stillinga og avsluttar formelt 01.10.2015. Stillinga som bygdeutviklar har eksistert i over 20 år, og har heile tida vore eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Dalane, Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen. Frå og med 2015 var berre kommunane Bjerkreim og Sokndal med, saman med dei regionale partane.

Hovudoppgåvene til bygdeutviklaren er etablerarrettleiing og mobiliseringsarbeid, primært innan landbruksbaserte næringar. Etablerarrettleiinga går fyrst og fremst på etablering og utvikling av ny næringsverksemd. Mobiliseringsarbeidet går mykje på å skape møteplassar kor framtidsretta idear og moglegheiter blir informert om, diskutert- og kan hende treff den spira etableraren måtte bera på – eller alt har starta på. Bygdeutviklaren har også arbeidd i «samvirke» med Skape, og med andre aktuelle aktørarar.

Kva no? Styringsgruppa bestemte på siste møte å utfordre Regionråd Dalane til å vurdere eigarskap til framtida for bygdeutviklarstillinga. Både Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland meiner at ein framtidig modell for bygdeutviklarstillinga må ha med alle 4 kommunane i Dalane.

Vidare ønskjer Fylkesmannen å endre på kven som sit med ansvaret som arbeidsgivar. Dei regionale partnerane ønskjer også at økonomisk støtte til konkrete og målretta prosjekt, blir vurdert som alternativ til eit fast økonomisk bidrag til ei definert stilling. Slik sett kan stillinga vere prosjekttretta.

Personalendringar

Ny prosjektleiar for klimaskogprosjektet

Ingeborg Anker-Rasch er nyutdanna forstkandidat frå Norges Miljø- og biovitenskapelege universitet, og har tiltredd stillinga som prosjektleiar for klimaskogprosjektet. Ingeborg har tidligare jobba som skogkulturpådrivar for NORTØMMER og kjem i frå skogeigendom i Halden, Østfold.

E-post: fmroiar@fylkesmannen.no

Telefon/Mobil: 51 56 88 62 / 41 67 40 89.

Permisjon

Geir Helge Rygg har fått utvida sin permisjon frå Fylkesmannen fram til 31. mai 2016. Han er tilsett som vikar for May Linn Garborg i Rennesøy kommune.



Foto: Sissel Endresen



Leiinga har ordet

Hadle Nevøy

Ta temperaturen på landbruket i kommunen!

Etter ein heller rufsete vår og sommar, har vi i det siste kunna glede oss over ein flott start på hausten.

Valdagen er overstått. I kommunane og i fylkeskommunen er samansetnaden av dei som skal styre for dei komande fire åra, nokolunde avklart.

Aldri før, i alle fall ikkje som eg kan minnst, har jordvern og vår eigen matproduksjon hatt ein så sentral plass i valkampen. Dette er sjølv sagt oppmuntrande, ikkje minst for alle oss som på kvar vår plass arbeider for å sikre framtidig matproduksjon gjennom vår aktive rolle på fleire område. Areal- og eigedomsforvaltninga er sentral i dette, likeeins målretta bruk av dei økonomiske verkemidla og stimulering til rekruttering av ungdom som vil satse på ei framtid som aktiv matprodusent, anten på heiltid eller på deltid.

Så må vi håpe og tru at den merksemda som dette temaet har hatt i valkampen også held seg etter at valet er over og den politiske kvardagen er her med behandling av planar, strategiar og ikkje minst alle enkeltsakene. Det er først då vi får svaret på om politikarane minnest det dei lovde i valkampen.

Men, kor godt kjenner lokalpolitikarane, og me andre, til korleis det står til med landbruket i kommunen vår. Vi har mykje tal og statistikk over areal i bruk til ulike produksjonar, tal bruk i drift, kor mykje som blir produsert av ymse produkt og mykje meir. Tal er fint å ha, men er vi trygge på at bruk av statistikk er det den beste måten å fortelje kvarandre korleis det verkeleg står til. Statistikken fortel om situasjonen på eit gitt tidspunkt, og vi kan sjølv sagt lese viktige utviklingstrekk ved å samanhalde opplysningane over kortare eller lenger periodar.

Talet på aktive bønder har gått nedover over lang tid. Driftseiningane blir større, fleire er avhengige av å kjøpe eller leige jord, til dels i stor avstand til tun og driftssenter. Kraftfôrbruken har auka både på grunn av auka produksjon spesielt av kylling, men også på grunn av auka kraftfôrdel i dei grovfôrbaserte produksjonane. Lista over utviklingstrekk kunne vore mykje lenger. Det tala ikkje maktar å seie noko om er årsaka, eller årsakene til den situasjonen vi observerer, eller til den utviklinga som tala vitnar om. Kvar og ein av oss har garantert ei oppfatning av kvifor det er slik det er, og går slik det går. Oftast blir den nasjonale landbrukspolitikken trekt fram som hovudforklaringa og at svaret ligg i svak lønsemd i

dei fleste produksjonane. Men også arbeidsmarknad, status til bondeyrke, ordna arbeidstid og omsyn til ferie og fritid blir trekt fram som forklaringar på dei endringane som har skjedd.

Gjennom den tette kontakten dykk som arbeider i lokal landbruksforvaltning har med bøndene, har dykk dei beste føresetnadane for å ha førstehands kunnskap om korleis dei tenker, ikkje minst om eiga framtid, om korleis dei ser på vidare drift av garden etter at dei sjølv vil avslutte, m.m. Kva er det som i tilfelle legg demping på vilje til vidare satsing. Hensikta er å komme bak tala, forstå heilskapen på ein betre måte, og ikkje minst kunne vere meir i forkant.

Denne kunnskapen om landbruket i eigen kommune er avgjerande dersom politikarane skal kunne ta ei rolle i utvikling av landbruket.

Ei av dei viktige oppgåvene som skal gjerast i løpet av det første året i den nye valperioden er å utarbeide ein kommunal planstrategi. Kort fortald går det ut på å gjennomgå gjeldande planar og sjekke ut om desse er tilstrekkeleg oppdaterte eller om det er tid for revisjon av ein eller fleire. Det vil også vere relevant å sjå om det er trong for plan på samfunnsområde der kommunen så langt ikkje har utarbeidd eigen plan. Landbruket kan vere eit slikt område.

Landbruket er ein viktig del av næringslivet i mange kommunar, og det bør derfor vere meiningsfullt for lokale politikarar å bruke tid på å gå grundig inn i status, utviklingstrekk og ikkje minst på kva tiltak som kan gjerast for å styrkje næringa i kommunen. Dette kan vere både i form av iverksetting av lokale tiltak og som pådrivar mot sentrale styresmakter.

Det kan ikkje vere slik at alle viktige avgjerder som gjeld rammevilkåra for ein så viktig del av næringslivet i kommunen skal overlatast til jordbruksavtalepartane åleine.

Vi har alle eit ansvar for at lokalpolitikarane engasjerer seg sterkare for landbruket i eigen kommune.

Lukke til!



Ha ein fin haust !

Hadle



Om krav til gjødslingsplan på gardsbruk med ekstensiv drift

Monica Dahlmo

Kravet til gjødslingsplan kjem når føretaket har jordbruksareal, og kan søkje produksjonstilskot. Ein del med sau har einseitig engproduksjon og relativt svak gjødsling. Kommunane kjem då fort inn i ei vurdering av kravet til gjødslingsplan.

Vi har her forsøkt å skissere opp kommunen sitt handlingsrom. Så lengje føretaket har mindre enn 5 gjødseldyr-einingar, GDE, kan kommunen anten gi:

1. Dispensasjon for fleirårig gjødslingsplan (inntil 5 år)
2. Dispensasjon frå kravet om gjødslingsplan

Dispensasjon for fleirårig gjødslingsplan

Der det er ein enkel driftsform og føretaket ikkje har meir enn 5 GDE (eller tek i mot husdyrgjødsel frå andre) kan kommunen gi dispensasjon for ein fleirårig gjødslingsplanen.

- Planen kan gjelde inntil 5 år.
- Føretaket må då søkje kommunen.
- Saman med søknaden skal dei leggje ved gjødslingsplanen.

Eit typisk tilfelle i Rogaland er føretak med mindre enn 35 sau, langvarig eng og som ikkje tek i mot husdyrgjødsel frå andre. Her kan kommunen gi dispensasjon for femårig plan.

På heimesida har vi lagt ut eit skjema som føretaka kan bruke når dei skal søkje dispensasjon. Merk at kravet om å ta representative jordprøvar gjelder sjølv om planen er fleirårig.

Dispensasjon frå kravet om gjødslingsplan

Fritak frå kravet om gjødslingsplan kan berre bli gitt når areala blir drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vere under 50 % av normal gjødsling.

Tilrådd gjødsling på (god) eng med forventa avlingsnivå på 1100-1250 kg tørrstoff er ca. 30 kg N. Eit typiske tilfelle er på bruk der sauene beiter ute store delar av året, og der det blir tilført lite gjødsel utanifrå. Også her kan føretaka ikkje ha meir enn 5 GDE.

I begge tilfella må kommunen gjere ei fagleg vurdering. Generelt sett ønskjer vi ei restriktiv haldning til dispensasjonar. Det er mykje husdyrgjødsel tilgjengeleg i fylket, og det er ønskeleg med ei god fordeling av bondens gull.

Fylkesmannen kan i særlige tilfelle dispensere frå krav til gjødslingsplan også for føretak som har meir enn 5 GDE.

Oversikt over kor mange dyr det går på ein GDE finn de i forskrift om organisk gjødsel, vedlegg 2:
https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-07-04-951?q=organisk%20gj%C3%B8dsel*

Forskrift om gjødslingsplanlegging:

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1999-07-01-791?q=gj%C3%B8dslingsplanlegging*

Rundskriv 17/2003 Retningslinjer til forskrift om gjødslingsplanlegging: https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/jordbruk-og-miljo/vann-og-forurensing/_attachment/1928?ts=128279e8db0&download=true

Kontaktpersonar: Monica Dahlmo og Nono Dimby



Foto: Nono Dimby




Omdisponering av matjord i Rogaland



KOSTRA-rapporteringa viser at 1 519 daa dyrka jord blei omdisponert i Rogaland i 2014. Dette er ein klar auke frå dei siste åra, men lågare enn «toppåra» 2006 og 2009.

Etter dei nasjonale måla bør ikkje Rogaland omdisponere meir enn 500-600 daa årleg medan omdisponeringa dei siste åra har i snitt vore på om lag 1.200 daa. Skil Rogaland av den grunn, halda seg innafor det nasjonale jordvernmålet må nedbygginga av dyrka jord halveras. Siste års tal peiker i feil retning.

I perioden 2005-2014 er det bygd ned totalt 11.735 daa dyrka jord i Rogaland. Dette utgjør om lag 2.000 fotballbaner, all dyrka jord i Randaberg kommune eller nær halvparten av all dyrka jord i Sola kommune. Matfylket Rogaland er difor det fylket som omdisponerer mest matjord til utbyggings-føremål i Noreg. Jæren, som har stått for om lag 12% av omdisponeringa i heile landet, står òg for det meste av omdisponeringa i fylket (78%).



Tal dekar omdisponert dyrka jord i dekar frå 2005 til 2014.
Kjelde: SSB/KOSTRA



Utvikling i tal dekar omdisponert dyrka jord i Noreg og i Rogaland frå 2005 til 2014. Kjelde: SSB/KOSTRA


Jordvern må på dagsorden i planarbeidet!

Regionalplan Jæren har sidan 2001 hatt langsiktig grense for landbruk og kjerneområde landbruk. Grensene, som i hovudsak har blitt respektert, har i seinare tid blitt utfordra i forslag til kommuneplanar, særleg i Sola kommune.

Dei høge omdisponeringstala på Jæren er på mange måtar ei direkte følgje av regionalplana. Mykje areal i denne plana er definerte framtidige byggeområde. Bustadar, transformasjon og fortetting ved kollektiv-knutepunkt og kollektivaksar prioriteras framfor å sikre nasjonale jordverninteressar og matjord på Jæren.

Etter valet starter mange kommunar med rulling av kommuneplanar. Det blir avgjerande at kommunar i Rogaland da følgjer opp med klare strategiar for redusering på omdisponering av dyrka jord.

I valkampen har jordvern vore eit sentralt tema i Rogaland og på Jæren. I ulike «valgmater» har ein fått spørsmål om jordvern, og temaet er løfta fram i fleire debattar, avisartiklar og tv-/radioinnslag. Merksemda rundt jordvern blir viktig i neste kommunestyreperiode, der viktig planarbeid skal gjerast, og viktige avgjersler skal takast.



Klimaskogprosjektet – ei gåvepakke til vestlandsskogbruket

Ingeborg Anker-Rasch

Etter klimameldinga- og forliket i 2012 vil skog få ein stor betydning i klimasamanheng i åra framover. Balansert omsyn til klima, næring og naturmangfald er nøklar til eit vellukka klimaskogprosjekt i Rogaland.

Ein følgje av rapportar, utarbeida Miljødirektoratet og daverande Direktoratet for naturforvaltning, Statens Landbruksforvaltning og Norsk Institutt for skog og landskap (nå ein del av NIBIO) er ein rapport for nye areala som skal kunne plantas med skog som eit tiltak for å auke karbonopptaket i Noreg.

Rogaland er saman med Nordland og Nord-Trøndelag

valt ut til å vere med i ein pilotfase der planting av skog skal gjennomførast. Prosjektleiaren Ingeborg Anker-Rasch hjå Fylkesmannen i Rogaland vil leia satsinga i Rogaland. Pilotfasen skal innehalde kartlegging av areal både på fylkes- og kommunenivå, - og skal bidra til å vise både kor, når og korleis det på ein god måte kan plantast meir skog i Noreg.

Prosjektet inneberer eit felles samarbeid mellom alle dei ulike interessegruppene som er knytt til skog. Det inneber organisasjonar knytt til jordbruk, skogbruk, miljø, naturmangfald, næring og friluftsliv. Dette skal sikre at arbeidet som utførast med auka karbonopptak som mål, også tar omsyn til blant anna utvalte naturtypar, artsmangfald, viktige friluftslivsområder, driftsmessige gunstige løysningar i tillegg til grunneigars interesser.

Prosjektet heilt avhengige av eit godt samarbeid med de ulike kommunane i Rogaland. Kommunane sin lokalkunnskap, engasjement og fagkompetanse vil vere avgjerande for prosjektets suksess. Fylkesmannen i Rogaland skal vere deira støttespelar og medsamansvarne.

Utan grunneigaren vil ein ikkje få planta noko areal. Samarbeidet mellom Fylkesmannen i Rogaland og kommunane retter seg mot grunneigaren. Med ein gåvepakke på 15 millionar fordelt over 3 år i pilotfasen, skal skogarealet i Rogaland aukast. Dette vil få betydning ikkje berre for klimaet, men også setta eit auka fokus på ein fornybar næring og ikkje minst på verdiskapinga her på Vestlandet.



Foto: Ingeborg Anker-Rasch

Dersom du ynskjer meir informasjon om dette prosjektet, kontakt med prosjektleiaren Ingeborg på:

E-post: fmroi@fylkesmannen.no

Telefon/Mobil: 51 56 88 62 / 41 67 40 89.



Økouka

I uke 39 er du velkommen til ØKO UKA Rogaland med aktiviteter og arrangement som passer for alle og enhver.

En feiring av norsk økologisk mat med fokus på råvarer, kunnskap og inspirasjon. Mange spennende arrangement – noe passer også for deg!

<http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Okologisk-landbruk/Kom-deg-ut-pa-OKOUKA-19-27sept/>

PLP- Utviklingsevne Prosjektleiarkurs i Stavanger

20. – 21 oktober

Velkomen til 2 dagars prosjektleiarkurs i Stavanger: tysdag 20. og onsdag 21.oktober 2015

Det er heilt sant – dei fleste av dykk arbeider svært ofte prosjektretta – «tidsavgrensa oppgåver med definert målsetting». Ofte parallelt med dei daglege gjeremåla. Du visste det heilt sikkert – men kor medviten har du eigentleg vore i arbeidet med desse tidsavgrensa oppgåvene? Arbeider du strukturert med dei? Blir du av og til offer for å vere del av ein heilskap du kanskje sjølv ikkje har god nok innverknad på korleis skal gjennomførast? Eller er du i posisjon til å meina noko om korleis prosjektretta arbeid kan eller burde blitt gjort?

PLP – prosjektleiarprosessen

– er eit «metodeverktøy» basert på systematikk frå utviklingsprosjekt gjennomført i næringslivet og offentlig sektor. Kurset du her får invitasjon til, har som mål å gi deg kompetanse i utviklingsarbeid og hjelpe deg til å gjennomføre prosjekt på ein betre måte, og vere med å bidra til å skape ein «utviklingskultur» som basis for utvikling og omstilling i din organisasjon

- Stad: First Hotel Alstor Stavanger
<http://www.firsthotels.no/Vare-Hotell/Hotell-i-Norge/Stavanger/First-Hotel-Alstor/>
- Kurshaldar: *Roald A. Johansen*, Institutt for organisasjonsutvikling.
Roald er også utviklingsansvarleg for PLP i Innovasjon Norge
- Pris: kr 3.500,- per deltakar. Overnatting må deltakarane ordna på eiga hand.

Bindande påmelding til Geir Skadberg fmrogsk@fylkesmannen.no

Påmeldingsfrist: 28.september.

Ber om følgjande info ved påmelding;

- Namn på deltakar(a)
- Fakturaadresse
- Obs i forhold til mat (intoleranse)



Temakart og spreieareal

Tonje Fjermestad Aase

Kartportalen Temakart-Rogaland er komen i ny skrud, og er flytta over på ein ny teknisk plattform. Vi har lagt inn nye temakart, og det kjem stadig fleire.

Ny funksjonalitet i kartportalen er mellom anna søk på gards- og bruksnummer, adresse, vegbeskriving, endring av synlegheit, import av eigne karttema til bruk i portalen, og eksport av innteikna kart-informasjon som t.d. shape eller gpx. Det skal og komme ein ny rapportfunksjonalitet, der ein kan få fram treff på karttema i eit avgrensa område.

Løysinga for registrering av spreieareal er på vei til å bli flytta over, og kan i mellomtida ikkje brukast. Kurs i registrering av spreieareal i nye Temakart-Rogaland er utsett til 9. november, og frå denne dagen skal det igjen bli mogleg å redigere i temakartportalen. Viss kommunane får problem med å registrere nye areal før det, kontakt med *Tonje F. Aase*.

Når det gjeld spreieareal starter vi snart med å rydde i dataa, og slik sjå kor oppdaterte registreringane er. Det er ein heil del spreieareal registrert på ueigna areal i AR5. Slike gamle feilregistreringar vil vi reinske opp i ved å klippe registreringane mot innmarksbeite i AR5.

Ta også kontakt om det er noko de lurar på når det gjeld Temakart-Rogaland; enten det gjeld ønske om karttema, melding om feil eller tips om korleis ein skal bruke portalen.

Link til kurs i spreieareal:

<http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Kurs-og-konferansar/Kurs-i-registrering-av-spreieareal-i-ny-temakartportal/>

Kontaktperson: *Tonje Fjermestad Aase*, fmrotfa@fylkesmannen.no



Status for SMIL-ordninga i 2015

Nono Dimby

Så langt i 2015 har 23% av løyvingane på SMIL-midlar gått til ureinings-tiltak. Fylkesmannen håper denne positive tendensen fortsetter vidare framover når ca. 6,2 millionar av SMIL-midlane står att for løyving i 2015.

	2014	Pr. sept. 2015
Sum løyvingar	16 470 000	3 345 000
Kulturlandskapstiltak	77,2 %	71,8 %
Miljøtiltak	9,8 %	23,0 %
Planleggingstiltak	13,0 %	5,2 %

Andelen av SMIL-løyvingar til ureiningstiltak har auka frå 9,8% i 2014 til 23% pr. 17. september 2015. Dette syner at kommunane så langt i 2015, har tatt utfordringa i handlingsplana for vassforvaltning i Rogaland på alvor.

Å auka satsen på SMIL-midlar til ureiningstiltak i SMIL-strategiar er eit tilrådd verkemiddel for å motivere bønder til innsats.

Fylkesmannen hadde 5 desentraliserte samlingar om SMIL- og dreneringstilskot for kommunal landbruksforvaltning våren 2015. Tema på desse samlingane var SMIL-aktiviteten i 2014, endringar av SMIL-forskrifta, oppdatering av SMIL-strategiar, prioritering av miljøtiltak retta mot ureining og problemstillingar kommunane var opptekne av i samband med forvaltning av SMIL- og dreneringsordninga. Kommunane fremja ønskje om ei vidareføring av slike desentraliserte slike samlingar i 2016.

Fylkesmannen har starta arbeidet med å kartleggja kva satsar og timeforbruk som blir nytta til ulike arbeidsoperasjonar i samband med SMIL-tiltak. Her er det så stor variasjonen på prisar, timeforbruk mv... innanfor fylket til at vi ikkje kan koma opp med noko anna enn nokre tilrådde tal som må tilpassas lokale forhold.

Førebels rapportering av SMIL har to formål:

- **å omfordele** unytta SMIL-midlar blir til kommunar med behov for meir midlar og
- **å rapportere** til Landbruksdirektoratet på berekna løyvingar av midlar for 2015 og behov Rogaland har for SMIL- og dreneringsmidlar i 2016. Dette dannar saman med grad på bruk av SMIL-midlane etter nasjonale målsettingar, grunnlaget for kva løyvingar Rogaland får av SMIL-midlar for 2016.

Fristen for førebels rapportering på SMIL (og dreneringstilskot) er **15. oktober 2015**.

Kontaktperson: Nono Dimby,
fmroara@fylkesmannen.no



Foto: Iris Adele B. Jess



Nasjonal «Inn på tunet-konferanse» - med melstring som ballast

Bjørn S. Berg

Fylkesmannen i Rogaland saman med nabofylka på Sør- og Vestlandet, arrangerer konferansen på Clarion Hotel Energy i Stavanger 2.-3. nov 2015

Korleis kan landbruket og kontakt med natur og dyr gje melstring og helsegevinst for utsette barn og unge?

Konferansen vil setje eit ekstra fokus på utsette barn og unge, og å sjå på korleis landbruket kan medverke til betre oppvekstvilkår for denne målgruppa. Bruk av planter, dyr og natur i pedagogisk og terapeutisk samanheng blir sett på dagsorden.

Det blir lagt vekt på å presentere ny kunnskap og nye strategiar basert på både nasjonal og internasjonal forskning. Andre aktuelle stikkord er drop-out-problematikk, bruk av alternative opplæringsarenaer i skulen, sosialt entreprenørskap og tverrfagleg samarbeid som suksessfaktor.

Det blir eit rikholdig og omfattande program, med tre parallellsesjonar. Fylkesmann *Magnhild Meltveit Kleppa* opnar konferansen saman med landbruks- og matminister *Sylvi Listhaug* og statssekretær *Birgitte Jordahl* frå Kunnskapsdepartementet. Eit av hovudinnlegga blir frå det nasjonale Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger, der universitetslektor *Svein Erik Nergaard* setter eit fokus på temaet «*Alternative opplæringsarenaer - elevens redning eller utstøying og segregering?*».

Professor *Victor Normann* frå Norges Handelshøgskule deltek i programmet første dag, medan professor *Per Fugelli* held avslutningsinnlegget før lunsj dag to. Det blir òg lagt opp til eit stort utstillingsområde med presentasjon av materiell og aktuell litteratur frå både fylkesmennene, FoU-miljøa og aktuelle brukar- og tilbydarorganisasjonar.

Etter den nasjonale konferansen blir det arrangert ei nordisk samling for forskarar og aktuelle FoU-miljø. Her blir det innlegg frå kvart av dei nordiske landa om korleis dei jobbar med «*grøne velferdstenester*» i sine respektive land. Det blir også nokre gjestar frå andre europeiske land.



Vi voner med dette å samle aktuelle FoU-miljø både i Noreg og Norden til meir fokus og forskning på Inn på tunet m.fl. «grøne velferdstilbod».

Alle er velkomne også på denne samlinga, som blir på engelsk.

Meir informasjon om begge arrangementa og elektronisk påmelding finn du her:

<http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Kurs-og-konferansar/Nasjonal-Inn-pa-tunet-konferansen/>

Kontaktperson: Bjørn S. Berg, e-post: fmrobsb@fylkesmannen.no tlf: 51 56 89 93.



Forprosjekt: «4H-gard i vekst»

4H-gardane er opne gardsanlegg som tar imot born, unge og vaksne til pedagogisk tilrettelagte besøk. Hovudmålet er å vise fram kva som skjer på ein gard med både planter og dyr. Det er ni 4H-gardar på Vestlandet og over 40 4H-gardar på landsbasis.



Dei 9 4H-gardane på Vestlandet har gode besøkstal og mange spanande tilbod. Målet med dette forprosjektet «*4H-gard i vekst*» er å løfte arbeidet med besøksgardar på Vestlandet opp, få fleire gardar og yta eit breiare tilbod på dei gardane ein allereie har. Erfaringane frå forprosjektet vil bli teken vidare i eit hovudprosjekt som vil gå over tre år. Det er 4H Rogaland, 4H Hordaland, 4H Sogn og Fjordane og 4H Møre og Romsdal som står bak prosjektet, saman med 4H-gard Norge.

Kunnskap om primærnæringane

4H-gardane er ein arena for å auke kunnskapen om primærnæringane hos born, unge og vaksne samstundes dei kan med ein lokal forankring, synleggjere verdiane til 4H. Dette er òg eit ledd i arbeidet med rekruttering til landbruksnæringa.

Ny prosjektleiar i forprosjektet til 4H-gard i vekst
Kristin Haanshuus (28) er prosjektleiar i forprosjektet til *4H-gard i vekst*. Hun kjem frå landsbygda i Sør-Trøndelag, men bur i Florø i Sogn og Fjordane. Ho har mastergrad i *Naturbasert reiseliv* frå Norges miljø- og biovitenskapelige universitet. I feltarbeidet til masteroppgåva var intervju av gardbrukarar sentralt slik det òg er lagt opp til i forprosjektet til *4H-gard i vekst*.

For ytterlegare informasjon, kontakt:

- *Kristin Haanshuus*, prosjektleiar i forprosjektet til *4H-gard i vekst*. 454 10 215
- *Åge Avedal*, dagleg leiar i 4H Sogn og Fjordane: 970 72 734